



Reguleringsplan for
AUKRASANDEN
REGULERINGSENDRING 01

REGULERINGSFØRESEGNER

05.04.2005

§ 1. Generelt

Reguleringsendringa gjeld deler av reguleringsplanen for Aukrasanden, sist vedtatt i 1998. Planområdet er på 81,8 daa.

§ 2. Reguleringsformål

Det regulerte området er på plankartet vist med reguleringsgrense. Området er i samsvar med plan- og bygningslova § 25 regulert til:

Byggeområde:

Bustader	-	frittliggende
Offentlege bygg	-	kyrkjelydshus

Offentleg trafikkområde:

Køyreveg

Frionråde

Fareområde

Høgspenline

Landbruksområde

Spesialområde:

Privat felles veg/avkøyrslø

Friluftsområde

Kulturminne

§ 3. Byggeområde

3.1 Bustader:

På tomtene 2-6 kan det førast opp bustadhus med største mønehøgde på inn til 8,5 m eller gesimshøgde på inn til 6 m. Der det ligg til rette for det kan det innreiast ekstra husvære/hybelhusvære.

Grad av utnytting er sett til inn til 20%-BYA (Bygningane si samla grunnflate i prosent av tomtearealet), jfr. NS 3940 om arealberekning.

For kvart husvære skal det opparbeidast min. 2 parkeringsplassar for personbil på eigen grunn.

Garasje kan førast opp som frittstående bygg eller som del av annan bebyggelse.

For garasje plassert med port mot kommunevegen er byggegrensa 8 m frå midt i veggen. Står garasjen med port langs kommunevegen, er byggegrensa 6,5 m frå midt i veggen.

3.2. Kyrkjelydshus:

Innanfor området kan det førast opp kyrkjelydshus og bygningar knytta til aktivitet og drift av kyrkje og kyrkjegard.

Utforming av bygning skal tilpassast omgivnadane og kyrkja.

Tomta kan ikkje takast i bruk før arkeologiske granskingar etter pkt. 8.4 er klarerte.

§ 4. Offentleg trafikkområde

4.1 Køyreveg:

Køyreveg og anna køyreareal skal utformast i samsvar med gjeldande normer og retningsliner, jfr. handok 004, 017.

Nødvendige sideareal (skråningar, fyllingar, grøfter m.m.) skal settast i stand slik at dei harmonerer med omgivnadane og i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.

§ 5. Friområde

5.1 Gangsti:

Mellom tomtene 3 og 4 er det sett av areal til gangsti til erstatning for eksisterande sti som går over tomt nr. 1.

§ 6. Fareområde

6.1 Høgspenline:

Innanfor fareområde langs høgspenlina konstruksjonar og innretningar berre plasserast i samsvar med gjeldande forskrifter for elektriske anlegg – forsyningsanlegg § 75.

§ 7. Landbruksområde

§ 7.1 Innanfor landbruksområda LB4 og LB5 kan det berre førast opp bygningar, konstruksjonar eller innretningar som etter vurdering er nødvendig for landbruksdrifta.

§ 8. Spesialområde

8.1 Privat felles veg/avkøyrsl:

Private avkøyrsler/vegar skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplanen.

Veg 2 er felles tilkomst til eksisterande bebyggelse langs denne og til tomt nr. 1.

8.2 Friluftsområde:

På dette arealet kan det ikkje førast opp bygningar, konstruksjonar eller andre innretningar som kjem i konflikt med bruken av området som friluftsområde og skogsområde.

Skjøtsel av skogen skal skje i samsvar med reglane for vernskogen.

8.3 Kulturminne:

Innanfor området skal kultur/naturmark haldast i hevd slik området ligg i dag.

For område V10 gjeld det at dette kan parkmessig opparbeidast med grasdekt mark og evt. tilplanta vegetasjon.

Oppføring av bygningar og anlegg, graving og fylling, eller andre tiltak som endrar karakteren av området, er ikkje tillate.

Dispensasjon kan gjevast av og Riksantikvaren etter tilråding frå Møre og Romsdal fylke – kulturavdelinga.

8.4 Frigitte kulturminne:

Før området for kyrkjelydshus kan takast i bruk, skal det gjerast nødvendige

arkeologiske granskingar av dei automatisk freda kulturminna som kjem i konflikt med utbygginga. Jfr. rapport datert 02.02.2005 frå Møre og Romsdal fylke.

I god tid før tiltaket skal gjennomførast skal det takast kontakt med Møre og Romsdal fylke for å sikre gjennomføringa av dei arkeologiske granskingane.

§ 5. Fellesføresegner

5.1 Tilrettelegging av Leik 2 i reguleringsplan for Auktrasanden, vedtatt 1986, skal skje samtidig med opparbeiding av bustadtomter etter denne planen. Område Leik 1 skal ryddast utan at preget av naturområde blir endra.

5.2 Etter at reguleringsføresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje tillate gjennom private avtalar å etablere forhold som er i strid med desse.

Aukra, 8/6.....2005

.....
ordfører

